



Møteprotokoll

Utval:	Stad kontrollutval
Møtestad:	Stad rådhus, Nordfjordeid - formannskapssalen
Dato:	22.06.2026
Tid:	kl 10:00 - 12:00

Fremmøtte	Parti
Hogne Bleie	FrP
Magne Fure	H
Betty Hessevick	SP
Marita Aarvik	UAH
Johan Kroken	V

Andre som møtte

Ida Myklebust	Rådgjevar, Vest kontroll KO
---------------	-----------------------------

Møtenotat:

Andre som møtte:
Kommunedirektør Kristine Dahl
Rådgjevar, Arild Vonheim
Forvaltningsrevisor Stig Årdal

Utvalsmedlem Betty Hessevick gjekk i frå møtet kl.12:02 (etter sak 27/26).

Samtlige saker var samrøystes.

Møte slutt kl. 12:24.

Hogne Bleie
Leiar i kontrollutvalet

Ida Myklebust
Rådgjevar

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS23/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS24/26	Referatsaker
RS08/26	VARSEL til Kontrollutvalget om "Det Grønne Skiftet". Kommune-naturen spiser ALLE CO2-utslipp. GRATIS.
RS09/26	Presentasjon i kontrollutvalet 20.04.2026
PS25/26	Orienteringar
OS06/26	Orientering frå hamneforvaltning/cruisehamn
PS26/26	Forvaltningsrevisjon av oppvekst/elevrettar - godkjenning av prosjektplan
PS27/26	Gjennomgang av møteprotokollar
PS28/26	Vedtaksoppfølging
PS29/26	Godkjenning av protokoll

Nordfjordeid, 23.06.2026

PS 23/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Handsaming:

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 24/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
08/26	VARSEL til Kontrollutvalget om "Det Grønne Skiftet". Kommune-naturen spiser ALLE CO2-utslipp. GRATIS.
09/26	Presentasjon i kontrollutvalet 20.04.2026

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

Handsaming:

Utvalsleiar gjekk igjennom referatsakene.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek referatsaka til vitende.

PS 25/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/26	Orientering frå hamneforvaltning/cruisehamn

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. Kontrollutvalet lukkar ikkje saka, og ber om ei kort orientering frå administrasjonen i neste møte.

Handsaming:

Kommunedirektør Kristine Dahl og rådgjevar Arild Vonheim orienterte og svarta på utvalet sine spørsmål. Orienteringa svarar ut punkt 3 i kontrollutvalets vedtak i sak PS 04/26.

Kontrollutvalet drøfta vidare oppfølging av saka. Sekretariatet peika på at ei avgrensa kartlegging/undersøking vil krevje ekstern bistand samt ekstraløyving frå kommunestyret då det ikkje vil vere rom for dette innanfor vedteken budsjettramme. Kontrollutvalet må då eventuelt få framlagt eigen sak om dette på eit seinare tidspunkt.

Det pågår eit parallelt arbeid i kommunen med ny eigarskapsstrategi, avklaring av juridiske forhold knytt til avtale med Seawalk, samt planprosessar og arbeid med hamneutvikling. Kontrollutvalet avventar bestilling av ekstern undersøking, og ber administrasjonen om ei ny orientering om status i løpet av hausten 2026.

Felles framlegg til heilskapeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. Kontrollutvalet lukkar ikkje saka, og ber om ei kort orientering frå administrasjonen i neste møte.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 26/26 Forvaltningsrevisjon av oppvekst/elevrettar - godkjenning av prosjektplan

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO starte forvaltningsprosjektet oppvekst/elevrettar, i samsvar med prosjektplan datert 28.05.2026.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret i inneverande kommunestyreperiode, innan hausten 2027.

Handsaming:

Forvaltningsrevisor Stig Årdal gjekk igjennom hovudpunkta i den vedlagte prosjektplanen.

Utvalsmedlem ber revisjonen implementere i prosjektet at elevrettar også omfattar kommunens oppfølging av samhandling mellom skule og heim knytt til utfordringar med fråver i skulen.

Utvalsleiar la fram forslag om at det vert presisert i vedtakets punkt 2. at prosjektet er ønska ferdigstilt i inneverande periode.

Punkt 2 vert då slik:

2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret i inneverande kommunestyreperiode, innan hausten 2027.

Vest kontroll si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO utarbeide forvaltningsprosjektet oppvekst/elevrettar, i samsvar med prosjektplan datert 28.05.2026.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektrapporten ligg føre slik at den kan handsamast i kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2027.

PS 27/26 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Utvalet har slike merknadar til aktuelle møteprotokollar:

- Generell merknad om at kommunen bør ha fokus på klart språk i møteprotokollar, og unngå bruk av framandord.
- Generelt ynskje om enkle forklaringar til fagomgrep som vert nytta, eksempelvis «10-faktor» og "noder", slik at protokollane er forstålege for ålmenta i ettertida.
- Utvalet oppmodar øvrige medlemer i kommunens råd og utval om å ha ekstra fokus på klart, forståeleg språk og tydelege vedtak, ved gjennomgang og godkjenning av møteprotokollar.

Handsaming:

Utvalet gjekk igjennom sine merknadar til aktuelle møteprotokollar:

- Generell merknad om at kommunen bør ha fokus på klart språk i møteprotokollar, og unngå bruk av framandord.
- Generelt ynskje om enkle forklaringar til fagomgrep som vert nytta, eksempelvis «10-faktor» og "noder", slik at protokollane er forstålege for ålmenta i ettertida.
- Utvalet oppmodar øvrige medlemer i kommunens råd og utval om å ha ekstra fokus på klart, forståeleg språk og tydelege vedtak, ved gjennomgang og godkjenning av møteprotokollar.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til møteprotokollane som er gjennomgått.

PS 28/26 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Handsaming:

Vest kontroll v/ Ida Myklebust gjekk igjennom vedtaksoppfølginga.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 29/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 22.06.2026.

Handsaming:

Protokollen vart gått igjennom for godkjenning i møtet.

Vest kontroll si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 22.06.2026.